

## Prosjektskildring av *Le og les* :



Blir vi snille av å le? Eller friske? Den kritikaroste forfattaren Erna Osland kjem denne våren ut med den nynorske fagboka "He-he! Den livsviktige latteren" på Samlaget. Boka tek opp ulike sider ved latteren og klovnene er ein gjennomgåande figurillustrert av Per Ragnar Møkleby.

Osland har initiert eit samarbeid mellom teaterkonsulent Frøydis Flotve, scenekunstnar Ingeborg Stige og Nynorskenteret for å lage eit formidlingsprogram som kan skape interesse for- og formidle boka om den livsviktige latteren. Prosjektet har som mål å få born til å bli kjende med ny sakprosa om tema som dei sjølve kan gå vidare med å utforske og skrive om. Prosjektet ønskjer å imøtekome etterspurnad etter sakprosa i skulen, både når det gjeld formidling og skriverettleiing.

*Le og les!* er i startfasa, der den grunnleggjande ideen er å skape eit møte mellom klovnene og elevane i ein klasseromsituasjon, der ein i- og utanfor fiksjon utforskar latteren, etterfølgd av eit skriveprogram utvikla av Osland saman med Liv Kristin Bjørlykke ved Nynorskenteret.

Teaterkonsulent Frøydis Flotve er prosjekt- og samordningsansvarleg og står saman med klovn og dramapedagog Ingeborg Stige ansvarleg for utvikling av eit latterprogram. Vi søker om kunstnaropphald for hjelp til å utvikle idear og materiale. Prosjektet er det andre samarbeidet mellom Osland og Flotve. Det første var gjennom Vestlandske Teatersenter, der prosjektet "Dans vêret" basert på fagboka «Når det regnar i Afrika» skal ut i Den kulturelle skulesekken i Sogn og Fjordane hausten 2016.

Prosjektet *Le og les* søker støtte frå Litteraturbruket (Norsk forfattarsentrum) for å kunne få til både eit formidlingsopplegg om den gode latteren, samt utvikle sakprosa-skrivekurs for barn .

Prosjektet vil gå nye vegar for å auke lesegleda og gi kunnskap om eit viktig tema. Det ferdige prosjektet kan takast vidare av ulike kunstnarar til ulike fylke/regionar. Opplegget kan bydast fram for både Den kulturelle skulesekken og på festivalar/kulturhus.

- Prosjektet har som mål å få barn til å bli kjende med ny sakprosa om tema som dei sjølve kan gå vidare med å utforske og skrive om: den livsviktige latteren.
- Utvikle eit undervisningsopplegg der skuleklassen får vitjing av klovnens som ein pedagogisk ressurs. Målet er å skape engasjement og gi dei kunnskap om seg sjølve. Utforske fenomenet latter, underleggjere og leite fram sin indre klovn.
- Latter kan vere ein dørropnar og er ein av dei få fenomen i verda som kan knyte saman alle uavhengig av bakgrunn og språk. Latteren er livsviktig for liv og læring – og det vil vi vise. Vi ynskjer å skape interesse for den gode latteren.
- Faktaformidling synleggjer kor viktig det er å kunne formidle kunnskap på ein måte som gjer det interessant og tilgjengeleg. Fagbasert kunnskap blir ikkje mindre seriøs om det når ut til eit større publikum. Når barn og unge deltar med heile seg, festar kunnskapen seg sterkare i minnet enn undervisning utan samspelet mellom fagleg og kunstnarleg formidling.

### **Dei medverkande i prosjektet**

Frøydis Flotve prosjektleiar og teaterkonsulent

Erna Osland, forfattar

Ingeborg Stige, klovn og formidlar

### **Framdriftsplan**

#### **Vår 2016:**

- Plan- og søknadsarbeid
- Utforske klovnens sitt syn på latter
- Kva er den gode latteren?
- Finne nøkkelpapittel frå boka som skal formidlast og lagast undervisningsmateriell og opplegg til.

#### **Haust 2016 og framover**

- Produsere klovnens si formidling av latter og ferdigstille undervisningsopplegg
- Søkje om midlar frå Den kulturelle skulesekken
- Delta på festivalar og turnere i DKS.
- Filme og dokumentere prosessen
- Kurse fleire latterformidlarar for å gjere det mogleg å spreie fagbokformidlinga ut til flest mogleg.
- Manus, og formidlingsopplegg kan i etterkant brukast av andre grupperingar over heile landet. Dette vil generere materiale og røynsler for mogleg etterbruk.